



Jens Ljosnes i verkstaden sin i Uskedalen

**Uskedelingen Jens Ljosnes er ein av 12 eldre kvinnheringar som er omtala i ei bok som kjem i oktober, og som medievetenaren Kristian Hus har ført i pennen.. Sonen hans, Kristen Børje, har vore fotograf og grafisk designar, og Hus har vore inspirert av Åshild Ulstrup. Dei 12 er frå ulike delar av kommunen, og alle er over 90 år. Dei fortel om sine liv , og Hus freistar å få fram kva dei tenkjer om slutten på det.**

Hus spør mellom anna om dei trur på eit liv etter døden..

- Døden kjem når han kjem, og vi må ikkje syta for mykje over det. Men eg lever som om den neste dag skulle vera den siste og er dermed betre budd på å fara herifrå, svarar ei.

Ei anna trur ikkje på eit liv etter døden. Om dei ti bodorda seier ho at verda ville vore ein god stad å leva i hvis alle kunne levte etter dei.

I boka kjem Hus lite inn på det offentlege helsestellet, men dei som seier noko om det skryt av hjelpa på sjukeheimane. Ein 95-åring skryt over middagen frå Bergen sjølv om ho før har vore skeptisk. Ein 94-åring ser ikkje for seg å stura i ein stol på ein heim, men må han så må han.

Hus vil også få med tekstar frå andre som kjem med tankar om livet og alderdommen i eit essay.

De kan lesa meir om dette interessanne prosjektet på [multipleks forlag si heimeside](#)..

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Foto: Kristen Børje Hus.